

Møteprotokoll

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Kommunestyresalen
Dato:	26.03.2026
Tid:	Kl. 12:00 - 14:00

Møteleiar:	Kjell Eide
Andre møtande:	Gjermund Flage

Medlemer:	Parti
Ann Sissel Austgulen	AP
Anne Merete Takle	AP
Christian Hatlem Skår	AP
Gro Sissel Dale	AP
Hildur Akse	AP
Jan Arvid Støyva	AP
Kjell Eide	AP
Per Egil Akse	AP
Thea Pedersen Johannesen	AP
Eva Mette Høie	H
Geir Helge Nordstrand	H
Øyvind Høie	H
Dag Ove Austgulen Myklebust	SP
Inger Hauken	SP
John Gerick Bårøy	SP
Karin Tønning Hatløy	SP
Morten Askvik	SP

Merknader:

Førefall frå Jan Arvid Støyva (Ap) – Vararepresentant Christine Gjøen Bøe møtte
Førefall frå Christian Hatlem Skår (Ap) – Vararepresentant Andreas Kolgrov møtte
Førefall frå Eva Mette Høie (H) – Vararepresentant Reidun Skår møtte

Kommunalsjef Gaute Lundeland deltok i delar av møtet.

Underskrifter:

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
26/004	Godkjenning av innkalling
26/005	Godkjenning av sakliste
26/006	Godkjenning av protokoll frå førre møte
26/007	Referat- og orienteringssaker
26/007.1	Informasjon til kommunestyret: Møtebok frå kontrollutvalet 5.2.26
26/007.2	Region Fjordane- møtebok 6.2.26
26/007.3	Godkjenning av forsøk vertskommunesamarbeid på tvers av kommunale nivå
26/007.4	Årsrapport frå 2025 frå Folkehelseavdelinga
26/008	Spørjetimen
26/009	Kontrollutvalet - årsmelding 2025
26/010	Revisjon av delegasjonsreglementet 2026
26/011	Slutthandsaming - Detaljreguleringsplan Havyard Leirvik, gbnr 85/8 m.fl
26/012	Deltaking i "distriktssatsing i Vest"
26/013	Ekstraløyving bustadtilskot
26/014	Høyringssvar til kommunekommisjonen FOU-1
26/015	Interpellasjon

26/004: Godkjenning av innkalling

Innkallinga vert godkjent slik den ligg føre.

Kommunestyret 26.03.2026

Handsaming:

Samrøystes

KOMM- 26/004 VEDTAK:

Innkallinga vert godkjent slik den ligg føre.

26/005: Godkjenning av sakliste

Saklista vert godkjent slik den ligg føre.

Kommunestyret 26.03.2026

Handsaming:

Samrøystes

KOMM- 26/005 VEDTAK:

Saklista vert godkjent slik den ligg føre.

26/006: Godkjenning av protokoll frå førre møte

Protokollen frå førre møte vert godkjent slik den ligg føre.

Kommunestyret 26.03.2026

Handsaming:

I saka om budsjett og økonomiplan er det behov for oppretting og korrigering på fleire punkt.

Det som må endrast er:

- Generelt må det førast på namn på dei sakane kor det var ulik stemmegiving innad i partigruppa. Dette gjeld alle partia på dette møtet. Møteboka skal reflektere kva den einskilde representant har stemt. Det gjer ikkje møteboka no.
- s. 20 første kule punkt: 10 for, inkludert 2 frå SP, 7 mot, 3 frå sp. Her er det og feil for AP.
- Om kino. Dette var foreslått i formannskapet frå SP. Det fekk fleirtal der, og låg altså som del av framlegget frå formannskapet. Vi skal ikkje stemme på nytt over det som ligg frå formannskapet som nytt framlegg. Det som står om AP som nytt framlegg er altså ikkje rett prosedyre og må fjernast.
- Sommarjobb for ungdom vart vedteke i formannskapet. Skal ikkje stå som nytt framlegg i kommunestyret.

- Skuleturen: Det var 2 frå SP som stemte for, og 3 mot. Kor var resten av stemma på den saka?
- Gratis trening. Det var og eig forslag frå SP her. Det skal følgje saka uavhengig av korleis avstemminga er gått. Her må forslaget omtalas.
- Fritidsklubben. Ingen i SP stemte mot. Her er møteboka feil.
- Sommergy. Ingen i SP stemte mot sommargry. Her er møteboka feil.
- Bibliotektet. Her var det vedtak i formannskapet som vart vedteke og låg som grunnlag. Kan ikkje ha same framlegg som eit nytt framlegg. Her må møteboka reflektere dette.

Kommunedirektører får fullmakt til å konkretisere ordlyden i framlegga.

Kommunedirektøren går igjennom Askvik (Sp) sine endringspunkt til sak 25/083 og sender justert protokoll ut for godkjenning i neste møte.

Møteprotokoll frå januarmøtet vert godkjend slik den ligg føre.

Samrøystes

KOMM- 26/006 VEDTAK:

Protokollen frå førre møte vart godkjent slik den ligg føre.

26/007: Referat- og orienteringssaker

Referat- og orienteringssakene vert tekne til vitande.

Kommunestyret 26.03.2026

Handsaming:

KOMM- 26/007 VEDTAK:

Referat- og orienteringssakene vert tekne til vitande.

26/007.1: Informasjon til kommunestyret: Møtebok frå kontrollutvalet 5.2.26

Kommunestyret 26.03.2026

Handsaming:

Merknad. Sakspapir og møtebok frå dette møtet ligg ikkje på kommunen sin nettside. Det har det vore vanleg å gjere tidlegare år.

KOMM- 26/007.1 VEDTAK:

26/007.2: Region Fjordane- møtebok 6.2.26

Kommunestyret 26.03.2026

Handsaming:

KOMM- 26/007.2 VEDTAK:

26/007.3: Godkjenning av forsøk vertskommunesamarbeid på tvers av kommunale nivå

Kommunestyret 26.03.2026

Handsaming:

KOMM- 26/007.3 VEDTAK:

26/007.4: Årsrapport frå 2025 frå Folkehelseavdelinga

Kommunestyret 26.03.2026

Handsaming:

KOMM- 26/007.4 VEDTAK:

26/008: Spørjetimen

Kommunestyret 26.03.2026

Handsaming:

KOMM- 26/008 VEDTAK:

26/009: Kontrollutvalet - årsmelding 2025

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre godkjenner kontrollutvalet si årsmelding for 2025.

Kommunestyret 26.03.2026

Handsaming:

Samrøystes

KOMM- 26/009 VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre godkjenner kontrollutvalet si årsmelding for 2025.

26/010: Revisjon av delegasjonsreglementet 2026

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vedtek revidert delegasjonsreglement med dei endringane som er føreslått i saka. Reglementet blir gjort gjeldande frå 01.01.26.

Formannskapet 24.02.2026

Handsaming:

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, som vart samrøystes tilrådd.

FORM- 26/010 VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vedtek revidert delegasjonsreglement med dei endringane som er føreslått i saka. Reglementet blir gjort gjeldande frå 01.01.26.

Kommunestyret 26.03.2026

Handsaming:

Samrøystes

KOMM- 26/010 VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vedtek revidert delegasjonsreglement med dei endringane som er føreslått i saka. Reglementet blir gjort gjeldande frå 01.01.26

26/011: Slutthandsaming - Detaljreguleringsplan Havyard Leirvik, gbnr 85/8 m.fl

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 vedtek Hyllestad kommunestyre Detaljreguleringsplan Havyard Leirvik, gbnr 85/8 m.fl - Plan-ID: 2024002, med plankart datert 24.02.2026 og planføresegner datert 27.02.2026.

Formannskapet 17.03.2026

Handsaming:

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg, som vart samrøystes tilrådd frå planutvalet.

FORM- 26/018 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 vedtek Hyllestad kommunestyre Detaljreguleringsplan Havyard Leirvik, gbnr 85/8 m.fl - Plan-ID: 2024002, med plankart datert 24.02.2026 og planføresegner datert 27.02.2026.

Kommunestyret 26.03.2026

Handsaming:

Samrøystes

KOMM- 26/011 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 vedtek Hyllestad kommunestyre Detaljreguleringsplan Havyard Leirvik, gbnr 85/8 m.fl - Plan-ID: 2024002, med plankart datert 24.02.2026 og planføresegner datert 27.02.2026.

26/012: Deltaking i "distriktssatsing i Vest"

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vedtek at kommunen takkar ja til tilbodet om å vere med i "Distriktssatsing i Vest" og signerer samarbeidsavtalen slik den ligg føre i saka.

Formannskapet 17.03.2026

Handsaming:

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, som vart samrøystes tilrådd.

FORM- 26/020 VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vedtek at kommunen takkar ja til tilbodet om å vere med i "Distriktssatsing i Vest" og signerer samarbeidsavtalen slik den ligg føre i saka.

Kommunestyret 26.03.2026

Handsaming:

Samrøystes

KOMM- 26/012 VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vedtek at kommunen takkar ja til tilbodet om å vere med i "Distriktssatsing i Vest" og signerer samarbeidsavtalen slik den ligg føre i saka.

26/013: Ekstraløyving bustadtilskot

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vedtek å øyve kr 85.000 til ekstra bustadtilskot.

Ekstraløyvinga vert dekkja med milder frå disposisjonsfondet.

Formannskapet 17.03.2026

Handsaming:

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, som vart samrøystes vedteke.

FORM- 26/021 VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vedtek å øyve kr 85.000 til ekstra bustadtilskot.

Ekstraløyvinga vert dekkja med mildar frå disposisjonsfondet.

Kommunestyret 26.03.2026

Handsaming:

Samrøystes

KOMM- 26/013 VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vedtek å øyve kr 85.000 til ekstra bustadtilskot.

Ekstraløyvinga vert dekkja med mildar frå disposisjonsfondet.

26/014: Høyringsvar til kommunekommisjonen FOU-1

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Hyllestad kommune kjem med følgjande høyringsinnspel til Kommunekommisjonen si første utgreiing, NOU 2026:1

Kommunen er samd med hovudpunkta i KS sitt høyringsinnspel, men vil poengtere at alle øymerka tilskot som blir innlemma i rammetilskotet, må kompenseras fullt ut tilsvarande 2026 nivå. Fjerning av grunnskuletilskotet vil slå spesielt dårleg ut for små kommunar med få innbyggjarar og berre ein skule.

Hyllestad kommune ber vidare om at finansieringa for veterinærvakt blir styrka, og sekundært at heile ordninga blir vurdert på nytt. Kommunen syner i den samanheng til oppropet frå ordførarar i Trøndelag, og notat om konsekvensar for Askvoll veterinærvaktområde og Hyllestad, Fjaler og Solund vaktområde.

Kommunestyret 26.03.2026

Handsaming:

- Endringsframlegg på slutten av avsnitt 2: ... og difor er det viktig behalde grunnskuletilskotet.
- Tilleggsframlegg på slutten av avsnitt 2: Det er også viktig å behalde lærarnorma på hovudtrinn per skule.

Viser til fjerning av kompetansekrav i helse og omsorgstenestelova:

Hyllestad kommune meiner forslaget er uansvarleg og kan svekke pasientsikkerheita. Vi fryktar at fjerning av kravet til fagleg kompetanse vil gå ut over kvaliteten på tenestane, særleg for dei svakaste brukarane.

Kommunedirektør sitt framlegg til vedtak, pluss SP v/Karin Tonning Hatløy sitt endringsframlegg og tilleggsframlegg, og AP v/Hildur Akse sitt tilleggsforslag vart samrøystes vedteke.

KOMM- 26/014 VEDTAK:

Hyllestad kommune kjem med følgjande høyringsinnspel til Kommunekommisjonen si første utgreiing, NOU 2026:1

Kommunen er samd med hovudpunkta i KS sitt høyringsinnspel, men vil poengtere at alle øymerka tilskot som blir innlemma i rammetilskotet, må kompenseras fullt ut tilsvarande 2026 nivå. Fjerning av grunnskuletilskotet vil slå spesielt dårleg ut for små kommunar med få innbyggjarar og berre ein skule. Difor er det viktig behalde grunnskuletilskotet.

Det er også viktig å behalde lærarnorma på hovudtrinn per skule.

Viser til fjerning av kompetansekrav i helse og omsorgstenestelova:

Hyllestad kommune meiner forslaget er uansvarleg og kan svekke pasientsikkerheita. Vi fryktar at fjerning av kravet til fagleg kompetanse vil gå ut over kvaliteten på tenestane, særleg for dei svakaste brukarane.

Hyllestad kommune ber vidare om at finansieringa for veterinærvakt blir styrka, og sekundært at heile ordninga blir vurdert på nytt. Kommunen syner i den samanheng til oppropet frå ordførarar i Trøndelag, og notat om konsekvensar for Askvoll veterinærvaktområde og Hyllestad, Fjaler og Solund vaktområde.

Kommunestyret 26.03.2026

Handsaming:

Svar frå ordførar:

I dag går elevane i 1. - 4. klasse 4 dagar i veka på skule. Onsdagane er skulefri.

1. - 3. klassingar i Noreg har gratis SFO-tilbod inntil 12 timar i veka. Utover det kan kommunane fastsetje egne satsar for SFO.

Med omfanget vi har på SFO pr. no, så har 1.- 3. klassingane i praksis gratis SFO før og etter skuletid dei fire skuledagane.

Det er signalisert at denne ordninga skal utvidast til å gjelde 4. klassingar også, kanskje allerie frå hausten 2026.

Plikta til å ha skulefritidsordning er avgrensa til skuledagar. Sidan elevane 1.- 4. klasse har sine undervisningstimar komprimert over 4 dagar, har ein no gitt tilbod om fritidstibod om onsdagane. Dette må føresette betale etter gjeldande satsar.

Når det gjeld Gulen og Solund har dei begge gjort utgreiingar, og eg meiner dei har innført 5 dagars skuleveke. Det var også snakk om at Askvoll skulle gjere utreiing, men dette trur eg vart sett på vent.

Ein av føresetnadane ein må ta høgde for om ein skal gå over til 5 dagars skuleveke er at det då blir kortare skuledagar for desse elevane i løpet av veka, og opphaldstida på SFO må utvidast til å gjelde alle dagar, men også fleire timar.

Det vil krevje mykje å ta ei slik sak til utgreiing på kort sikt. Det er problemstillingar knytt til økonomi midt i eit krevjande budsjettår. Her er også problemstillingar knytt til skuleskyss.

Forslag: Saka vert utgreidd og lagt fram for kommunestyret i samband med budsjettet for 2027.

KOMM- 26/015 VEDTAK: